

# Fræn-namnet

Tyding og lagnad

Av Helge Sandøy

## 1. «IKKJE SKIKKELEG TOLKA»

*Norsk stadnamleksikon* seier om Fræn-namnet at det «ikkje er skikkeleg tolka». Det har vore lansert fleire ulike tolkingar av namnet, men ingen har vore overbevisande. Det har difor vore sett på som eit uklårt namn, og retteleg forvirrande blei det då styresmaktene endåtil forvanska namnforma i 1917.

## 2. FORSØK PÅ Å TYDE NAMNET

*Rygh*

Eit standardverk for stadnamntydarar er *Norske Gaardnavne*. Bandet for Møre og Romsdal (d.v.s. for Romsdals Amt) kom i 1908 og var utarbeidd av Karl Rygh. Om 'Frænen' seier han at den «gamle Form maa have været *F r e n i*, Gen. *F r e n j a* (...) Dets Betydning er ikke forklaret.» (Rygh 1908:290.) Dette er skrive med grunnlag i manus etter broren Oluf Rygh, som har same opplysningane i artikkelen «Norske Fjordnavne» (Rygh 1896:55). Det er truleg ein skrivemåte i eit brev frå 1448 som har sett Oluf Rygh på tanken at *Freni* skal vere den opphavlege forma. At han har ført opp den gale uttalen /'fræninj/ — altså med *æ* — kan au kanskje ha styrkt tillita til skrivemåte frå 1448. *Ine*

Rygh opplyser at 'Frænen' er eit bygdenamn, men at det ~~må ha vore~~ *ha* *ty* *æ* *æ* ~~vore~~ eit fjordnamn. Han har altså ikkje vore klar over at namnet framleis er brukt om fjorden.

Opplysningane hos Rygh har seinare vore utgangspunkt for fleire andre som har drøfta namnet.

#### «BELJE, RAUTE»

Svensken Evald Lindén er den som har skrivt mest om Fræn-namnet, og au den første som prøvar å tyde namnet. I tidsskriftet *Namn och bygd* for 1914 skriv han ein artikkel på 4 sider om dette norske fjordnamnet. Han byggjer på opplysningane frå «Norske Fjordnavne» og *Norske Gaardnavne* og reknar den gamle namneforma *Freni* som eit substantiv laga av det gammalnorske verbet *frenja*, som betyr 'belje, raute'.

«\**Freni* betyr altså 'den som ryter eller bölær (vid storm)'.

Det är väl bekant, att en mängd namn på fjordar, sjöar och rinnande vatten beteckna 'den dånande, tjutande, vinande, rytande, brusande o.d.', (...) (Lidén 1914:261.)

Norsk stadnamleksikon viser til denne tolkinga, men legg til «at F. ikkje er skikkeleg tolka.» (NSL s. 117.) Det er nettopp tolkinga åt Lidén som oftast er blitt brukt i samband med Fræn-namnet. I *Romsdals saga* skriv Asbjørn Øverås — rett nok utan å vise til Lidén —:

«Soleis skal herads- og bygdenamnet *Frena* koma av fjordnamnet *Freni*, genitiv *Frenja*, som er utydd, segjer Rygh. (Personleg må me segja at det er underleg um ikkje ordet skulde ha samanheng med det gamalnorske verbet *frenja* = *bure*, *belje*, *raute* — med tanke på fjorden i storm og uver).» (Øverås 1928:118.)

Øverås er tydelegvis så overbevist at han skriv *Frena* 11 år etter regjeringa hadde vedteke skrivemåten 'Fræna'. Kristian Opstad viser i *Gamle Møre i rit og minne* til same gammalnorske verbet og legg til:

«Ein kan tenke på at det t.d. har samanheng med den sterke straumskavlen og sjøgangen ein ofte får med vestavind ved innløpet til fjorden.» (Opstad 1979:26.)

Det er truleg same tolkinga Leiv Heggstad byggjer på au når han i tredje utgåva av *Fornorskingsordbok* under oppslaget 'Fræna' skriv: «burde skrivast *Frenen*» (Heggstad 1950). (Heggstad hadde i åra 1931-45 vore rektor ved Molde høgre skule og var nok der blitt kjent med dialektuttalen av namnet.) Egil Høstmark refererer til Lidén i to artiklar i *Romsdal Sogelag. Årsskrift* for 1962 og 1968.

Lærer Hans Haukås har i heftet *Gamalt frå Fræna* protestert mot denne tydinga av namnet:

«Frænfjorden skulde altså vera meir bråkande enn andre havstykke her, som t.d. Hustadvika, Buadjupet, Bjørnsundhavet o.a. Dette er no ikkje tilfelle.» (Haukås 1957:5.)

Som me skal sjå nedafor, er eit gammalnorsk *Freni* og *Frenja* umuleg som direkte opphav til dialektformene /'freninj/ og /'frenå/. Hadde desse

gammalnorske formene vore rette, skulle namnet i dag ha lydd /'fræninj/ i nemneform og /'frænnjá/ i dativ. Det gjer det ikkje, og det er dermed god grunn til å avvise Lidén på språkvitskapleg grunnlag.

#### «FRØY OG FRØYA»

Fræningen Hans Haukås kom sjølv med ei tolking av namnet. For han var det svært viktig å knyte namnet til gammal gudetru, og han viser til at stadnamngranskaren Magnus Olsen har hevda at «religionen er grunnlaget for såvel tingdistrikter som høvdingdistriktet». Resonnementet åt Haukås er dette: L nn

Etter oldfunn og dei skriftlege kjelder har bygda frå dei eldste tider vore eit ting og hovdingdistrikt. Ein lyt difor søkja grunnlaget for bygdenamnet i religionane (...) Og avleiinga frå oldnorsk til nyare norsk er berre skifte i skrivemåten på diftongane. Den oldnorske diftongen — ey — går i nynorsk over både til — Æ — og til — øy. J na  
L dn

Døme:

Oldnorsk:	Nynorsk:
eyra	øyra
eyrindi	ærend
Freyna	Fræna

(...) Den eldste av desse skriveformene (d.v.s. *Fræna* frå 1412) er då heilt i samsvar med avleiinga frå oldnorsk — Freyna. (...) J dn

Ser me so på dei gamle gudenamna — Frei og Frøya — so er her altso to gudar med omlag same namn, og dei var dyrka saman — «Frei og hans prestinne.»

Det må vera båe desse, bygdenamnet har gøymt i forma si og skal gjeva uttrykk for, og då laut forma verta ei fleirtalsform, og i denne forma er hokjønnnet vorte dominerande. U

Bygdenamnet har då vore gotisk: Frauna. Oldnorsk: Freyna. Nynorsk: Fræna. Omlag slik må resultatet verta, når ein skal tyda namnet slik prof. Magnus Olsen segjer — «som et sprog og raseproblem.» (Haukås 1957:6ff.)

Dette lange sitatet vitnar om ei sterk nasjonalromantisk innstilling. Men språkleg held heller ikkje dette forslaget. Eit gammalnorsk *Freyna* skulle på romsdalsk ha blitt /'frøne), som kunne skrivast «Frøyne». Magnus Olsen har sjølv i brev til Egil Høstmark avvist at det kan vere nokon språkleg samanheng mellom Fræn-namnet og gudenamnet Frøya (Høstmark 1962:55).

#### «DEN FRODIGE ENGA»

Eit anna forsøk på språkleg forklaring har Victor Høstmark gjort (Høstmark 1936). Han meiner namnet er eit vin-namn, og at det går tilbake til *Frauvin*, som skulle bety 'den frodige enga'.

«Utviklinga av ordet er soleis: Diftongen «au» i første lekken fylgjer lydlovane omlag på denne måten: Au — ey — æ — e. V fell bort etter konsonant og framfyrer m, difor:

Frauvin > Frenin.»

Heller ikkje denne tolkinga og forklaringa held språkleg, for gammalnorsk *au* held seg som diftong i romsdalsk, og *-vin* blir til *-æ/-a*, som i f.eks. *Aukra*. *Fraunvin* skulle difor ha blitt til */'fraunæ/*, som kunne skrivast *Frauna*.

#### «BEKSEL»

Egil Høstmark har samla inn mykje stoff om Fræn-namnet, og han referer mange tolkingar. I artikkelen frå 1968 tek han au med eit forslag om at namnet skulle ha samband med det latinske ordet *frēnum*, som betyr 'beksel' (Høstmark 1968). Dette namnet skulle vise til forma på fjorden. Forslaget har ingenting for seg, for dei som gav namn til fjorden, kunne neppe så mykje klassisk latin! Og dei lydlege samsvara mellom gammalnorsk og germansk på eine sida og latin på hi motseier eit slikt forslag.

### 3. Dialektform

Svært viktig når ein skal tyde stadnamn, er det både å kjenne dialektuttalen og å vite korleis det systematiske samsvaret er mellom gammalnorsk og den moderne dialekten. Me såg ovafor at Rygh gav galen uttaleopplysning. Den første som på trykk opplyser om rett uttale, ser ut til å vere Eivind Vågslid i *Allkunneboka* i artikkelen om 'Fræna' (trykt 21/7-1953). Men både han og andre som gjev rette uttalen, held seg til *Freni* som opphavleg gammalnorsk form. Det gjer stadnamnkonulentane Per Hovda og Alf Sommerflet au i ei fråsegn frå 1963.

Den romsdalske uttalen er */'freninj/* i nemneforma og */'frenå/* i dativ (altså: 'han flyttar inni */'freninj/*', men 'han bur inni */'frenå/*'). Lyden */e/* i ordstammen har i romsdalsk tre muleg opphav i gammalnorsk: kort *i*, lang *é* og (lang) *æ*. Det kan me sjå i ord som */'fetsk/*, */'let/* og */'sete/* av norr. *fiskr* (m.), *lét* (pret.) og *sæti* (n.). Gammalnorsk kort *e* gjev derimot i romsdalsk */æ/*, som i */'hæsst/* og */'bær/* av gammalnorsk *hestr* og *berr* (pres.) Desse samsvara mellom gammalnorsk og romsdalsk er så eintydige at det er vanskeleg å finne opplagte unntak. Det vil seie at me utifrå

uttalen i dag kan tenkje oss tre mulege gammalnorske former: \*Frini(nn), \*Fréni(nn) og \*Fræni(nn). Ei form som \*Fréni(nn) med gammalnorsk kort *e* er umuleg etter den lokale dialektutviklinga. (På gammalnorsk hadde namna helst ubestemt form, og difor har eg her sett parentes kring den bestemte artikkelen.)

I samansetningar brukar ein berre stammen i namnet, altså utan endinga: Frænfjorden, Fræneidet o.s.v. Når det på somme kart og i lokalavisene blir prestert ei namneform som «Frænafjorden», byggjer det på ei rein mistyng av dialekten.

Etter bøyinga kan Fræn-namnet vere både eintal og fleirtal. Det ser me med å samanlikne med /'sauinj —sauå/ (= 'sauene') og /'skåfij —'skåfå/ (= 'skålene') i fleirtal og med /'haninj-'hanå/ (= 'hanen') i eintal. I alle tilfella er det tale om bestrøkt form. Eg er ikkje i tvil om at me i dag oppfattar 'Frænen' som eit namn i eintal, jf. ei setning som /ska du injnji na 'freninj att no!/. Pronomenet *na* (= 'denne') viser at substantivet er i eintal, og namnet må dermed au vere eit hankjønnsord.

Ldi

Lem

#### 4. Skriftlege kjelder

Ei anna viktig kjelde for stadnamntydarane er skrivemåtar i gamle dokument. Eldste skriftlege belegget på Fræn-namnet er *ffræna ffyrdi* i eit vitnebrev frå 1343, altså ei dativform av namnet Frænfjorden. Brevet gjeld ein handel som omfattar jord i ein gard i Frænen. Brevet (DN XXI nr. 70) er skriva i Nidaros og utforma på stø klassisk gammalnorsk. Neste belegget er ifrå 1412, og no gjeld det *Fræna atungh*. Dokumentet er igjen eit vitnebrev om ein jordhandel, og no er brevet utferda i Stavik, som ligg i Fræna åtting, der handelsavtalen blei inngått (DN X nr. 117). Dette brevet au er skriva på stø gammalnorsk. Og i begge tilfella er skrivemåten lik, altså med stammevokalen *æ*. Ein spesiell status bør siste belegget få ettersom det er henta frå eit brev skriva i miljøet der den lokale uttalen er kjent.

Det tredje belegget kjem frå eit vitnebrev skriva på Øvrebø i Bøverdalen i 1448. Brevet fortel om eit jordskifte der ein gard som ligg *j Frenia fiordh*, går inn. Det er dette dokumentet Rygh har festa lit til når han fører opp *Freni* og *Frenja* som gammalnorske former (i nominativ og genitiv), sjølv om det er det yngste av dei tre breva, og sjølv om det er forfatta i eit anna dialektmiljø.

Utifrå desse belegga kan ein i alle fall sjå bort ifrå ei tenkt gammalnorsk form som \*frini(nn), for lyden *i* ville ikkje bli skriven med bokstaven *æ*. Når det gjeld lydane *e* og *æ*, kan skrivemåten skifte svært mykje i eldre dokument. Eg har gått systematisk igjennom skrivemåten *e* og *æ* i dei tre

Lrt dokumenta, og kan slå fast at brevet frå Stavik (i Frænen) opplagt er det mest konservative (d.v.s. likt klassisk, normet norrønt — som me kallar «fellesspråket» for Norge, Færøyane og Island før 1350). Det styrkjer kjeldeverdien åt Stavik-brevet endå meir, og dermed skrivemåten med æ.

Skrivemåtar frå perioden med dansk skriftmål i Norge kan me ikkje legge like stor vekt på. Men det kan likevel vere interessant å nemne dei au: I Kristoffer Urnes jordebok frå 1637 møter me namnet i forma *Frenenn* (etter Høstmark 1962), mens Hans Peter Schnitler i sin beskrivelse av Romsdal frå 1789 skriv konsekvent *Frænen* og *fræningerne* med æ (Schnitler 1974:97ff.), Presten Høyem brukar au skrivemåten *Frænen* (Høyem 1817:319 og fleire stader).

Jnd Jacob Lund (1688-1754) var prest på Aukra og skreiv dikt på dialekt. I innleiinga til eit dikt frå tidsrommet 1729-54 skriv han om «Landbøyer i Fræna» (Dalen og Hagland 1985:59). Denne forma «Fræna» får ein til å stusse. Men dialekten er aller mest Lunds eigen frå Snåsa i Trøndelag, og difor kan heller ikkje skrivemåten her finlesast. I stadnamna ser ein fleire gonger at Lund prøvar å gje att dativ, og difor må «Fræna» truleg oppfattast som dativform.

### 5. 'Den skinande fjorden'

Ovafor har eg vist på språkleg grunnlag at den gammalnorske forma kan ha vore *Fréni* eller *Fræni*. Men noko ord *fréni* finn me ikkje i den nokså omfattande norrøne litteraturen; og prøvar me å konstruere urgermanske ordrøter som kunne gje ei slik form, finn me heller ikkje der noko ord som kunne gje fornuftig innhald i namnet. Dermed står me att med *Fræni*, som au er den forma me kan lite mest på i dei gamle dokumenta.

Noko substantiv *fræni* er ikkje kjent frå norrønt, men me finn ord laga av same rota. *Fræningr* er brukt om 'orm' og 'spyd'. Vokalen æ viser at ordet er laga på ei meir opphavleg rot med vokalen á (som me kan lese for á i dag). (Dette vokalskiftet skjedde i si tid p.g.a. at det kom ein i etter i ordet. Det er same vokalskiftet me finn mellom ord som *vát* og *væte* o.s.v.) Den opphavlege rota kan altså på gammalnorsk skrivast *frán-*, og gammalnorsk har adjektivet *fránn*, som i følgje ordboka betyr 'kvass; djerv; skinande, braglande, glinsande' (Heggstad o.a. 1975). Dette adjektivet lever framleis i moderne islandsk med betydningane 'kvass' og 'strålande' (Bödvarsson 1963). (Ordet *fræningr* om 'orm' og 'spyd' skal nok fortelje om ein av desse nemnte eigenskapane.)

Jss Namnet på eine hovudpersonen i folkevisa om «Frånarormen og Islandsgalten» er tydd som «den glinsande, slikjande ormen» (Liestøl og Moe 1967:304). Ein tilsvarande orm heiter forresten på færøysk *frænaror-*

mur (Jacobsen og Matras 1961). I angelsaksiske (d.v.s. gammelengelske) krøniker er det brukt eit personnamn Fræna (au skrive *Frena* og *Frana*), som Erik Björkman meiner er opphavleg nordisk og avleidd av same rota *frán-* (Björkman 1910).

Betydninga 'skinande, braglande, glinsande' høver svært godt som beskrivelse på Frænen (=Frænfjorden). Om namnet opphavleg har gått berre på Malmefjorden, passar beskrivelsen endå betre, for som Harald Aas skriv: «Malmefjorden er ein av dei stillast fjordar eg veit om.» (Brev 18/11-1985.) Men i forhold til det opne storhavet ein møter lenger ute på Romsdalshalvøya, er sjølv sagt heile Frænen 'skinande'. Og at folket som slo seg ned her for kanskje 1500-2000 år sia, gav fjorden og bygda eit namn med positivt innhald, er lettforståeleg både utifrå andre gamle namn og frå namngjeving i vår eiga tid.

Det er svært ofte at ein må stå utan heilt sikre tydingar av utgamle stadnamn. Sett i forhold til mange andre namn synest eg Fræn-namnet skulle vere «nokså sikkert» tydd. Me har funne ei gammalnorsk/norrøn ordrot som både passar perfekt språkleg, og som har ei svært rimeleg betydning. Lenger kan me neppe komme.

## 6. Bruk

Det er stor einigheit om at namnet Frænen opphavleg er eit fjordnamn. Det har fram til i dag vore vanleg å bruke namnet /'freninj/ både om fjorden og om bygdene rundt fjorden. Ein brukar preposisjonen *på* når det gjeld fjorden, *i* når det gjeld bygdene.

For meg som er oppvaksen i Bud, vil /injnjpå 'freninj/ og /injnjpå 'frenå/ gå på alt det som i dag au blir kalla Frænfjorden. Men Harald Aas, som kjem ifrå Tornes, ytst ved Frænfjorden, opplyser:

«Slik namnet var brukt av fiskarar og folk i ytre delar av bygda, må Fræna ha vore namnet på Sylteosen og Malmefjorden, d.v.s. fjorden innanfor straumane ved Svenøy-holmane.

Fiskarane sa: Me va innpå Frenå, eller ska inni Freninj. Det same hørde ein t.d. på Tornes, om nokon skulle fare innover bygda, til Sylte/Malme-området.

Freninj var fjorden og bygda innanfor straumane.»  
(Brev 18/11-85.)

Opplysninga om bruken på Tornes er interessant, for Tornes ligg ved utløpet av Frænfjorden. Men det er ikkje råd å finne kjeldegrunnlag for at denne meir avgrensa betydninga skulle vere meir opphavleg. I brevet frå 1343 er det tale om «Myrbostad som ligg i Frænfjorden», og i 1448 om

«Haukås som ligg i Frænfjorden». Det er tydeleg at Schnitler au brukar 'Frænen' om bygdene kring heile fjorden (Schnitler 1974:97ff.).

Som administrativt inndelingsnamn har ikkje 'Frænen' nokon sterk tradisjon. *Åttingen* (tidlegare skipreida) ytt på Romsdalshalvøya blei rett nok — som me såg ovafor — i 1412 kalla Fræna åtting. Men alt i Aslak Bolts jordebok, skriven truleg i 1432-33 (jf. KLN M), er det tale om *I Stymys Attunghe*. I tidenskattemanntalet (frå 1520) og i seinare kjelder er 'Vågøy' brukt som namn på åttingen; og same namnet blir brukt på tinglaget, når så langt lir. Området som Vågøy åtting dekte, svarar i store drag til Fræna kommune etter samanslåinga i 1964.

Vågøya, ytt i Frænfjorden, var kyrkjestad; eldste vitnemålet på det er ifrå 1336 (DN X nr. 105). Vågøy kyrkjesokn låg under Aukra prestegjeld til 1859. Men som kyrkjesokn omfatta Vågøy i grove drag berre Frænen, d.v.s. Fræna kommune før samanslåinga i 1964. Åttingen og soknet var dermed ikkje identiske, jf. formuleringa frå 1412: «i Fræna atung ok j Wagøy kir(k)io sokn».

Ettersom Vågøy-namnet etter kvart blir brukt både i verdsleg og geistleg inndeling, møter me ikkje Fræn-namnet anna enn tilfeldig i gamle skriftlege kjelder.

Då formannskapslovene blei vedtekne i 1837, blei heile Aukra prestegjeld eitt formannskapsdistrikt. Men lovene opna for at sokn innafor eit gjeld som var delt av ei tinglagsgrense, kunne bli eigne formannskapsdistrikt. Frå 1840 blei Vågøy sokn skilt ut som formannskapsdistrikt med namnet Vågøy. Først då soknet skulle skiljast ut geistleg au og bli eige prestegjeld i 1859, blei namnet 'Vågøy' bytt med 'Frænen' både på formannskapsdistriktet (frå 1863 herad) og på prestegjeldet. Ved kgl. res. 3/11-1917 blei mange kommunenamn endra — dei aller fleste som ein konsekvens av ein politisk vedteken oppnorskingssprosess. I denne resolusjonen blei 'Frænen' au endra til 'Fræna'.

Etter at Schei-komitéen foreslå å slå saman kommunane Bud, Hustad og Fræna til éin storkommune, var det duka for strid om namnet på barnet. Det blei ein lang diskusjon. Dei tre kommunestyra kom saman til fellesmøte om namnespørsmålet, men utan at dei greidde å få til fleirtal om noko forslag. Regjeringa (d.v.s. formelt Kongen) måtte dermed i 1963 fastsette namnet på den nye kommunen. Det blei 'Fræna' — som dermed altså kom til å omfatte meir enn det som frå gammalt heiter Frænen.

### 7. Namneforma – mistyding og vanlagnad

Historia om korleis stadnamna er blitt normert, er ein interessant del av kulturhistoria vår. Mens skrivemåten av namna blei forvanska under



dansketida — somme tider til det nesten ukjennelege — er det i dette hundreåret blitt drive ein medveten oppnorskingspolitikk. Det har vore ein del av politikken for å styrkje den kulturelle sjølvtilita i landet. Dei mest gjennomgripande forandringane skjedde først på 1900-talet, og i dette nasjonale «oppryddingsarbeidet» kom 'Frænen' au til å bli forandra til 'Fræna' — ved ei mistyding. Den historia skal me ta punktvis:

1. Ei komitéinnstilling frå 1905 (Hertzberg o.fl. 1905) blei grunnleggande for den store namneomveltinga 10-15 år etter. Innstillinga er kort og lite konkret, ho stakar først og fremst ut prinsipielle retningslinjer. Om eine retningslinja heiter det:

«Navne, der i bygdens eget maalføre er hunkjønnsord, bør man undgaa at skrive med paahængt «fælleskjønns-»artikel (saaledes altsaa «Frøia», ikke «Frøien», «Fræna», ikke «Frænen», «Frosta», ikke «Frosten».)» (Hertzberg o.a. 1905:25.)

'Frænen' er altså brukt som eitt av dei få nemnte eksempla på stadnamn i hokjønn. Kvar ei slik opplysning om hokjønn i namnet Frænen skulle komme frå, er uklårt. Ei tilfeldig opplysning om uttalen kunne sjølv sagt lett mistydast av den som ikkje hadde god innsikt i bøyingsystemet i romsdalsk. Men «Norske Fjordnavne» var alt trykt på dette tidspunktet, og der skulle det gå klårt nok fram at namnet var eit hankjønnsord. Eksperten på norsk mål i komitéen var framom andre professor Marius Hægstad; han var politisk svært aktiv i oppnorskingsarbeidet, og fekk seinare eit fagleg ansvar som statens namnekonsulent. Det ville ikkje vere så urimeleg å legge eit hovudansvar for eksempelet «Fræna» på han.

2. I 1914 blei dei to stadnamnkonsulentane Hjalmar Falk og Marius Hægstad bedt om å komme med ei utgreiing om forandringar i inndelingsnamna i Norge. Utgreiinga blei levert i 1915. Og no er Hægstad (og Falk) blitt klar over kjønnet på Fræn-namnet. For det første var *Norske Gaardnavne. Romsdals Amt* tilgjengeleg no, dessutan hadde Hægstad kanskje fått inn fleire opplysningar.

I departementsarkivet ligg det saman med manuset til utgreiinga frå 1915 ei handskriven liste over gjeldande skrivemåte på alle kommunar samanlikna med dialektformene, som er skrivne ut etter *Norske Gaardnavne*. Der det er ein viktig forskjell, har Hægstad og/eller Falk sett strek under namnet. Desse understreka namna blir det så i utgreiinga gjort framlegg om å forandre skrivemåten på. 'Frænen' er ikkje understreka, og det der difor tydeleg at Falk og Hægstad *medvete* ikkje foreslår forandring av dette namnet i utgreiinga av 1915. Dei var klar over at 'Frænen' var rette skrivemåten.

3. Departementet sendte forslaga til forandringar av inndelingsnamna ut til høyring hos amtmenn, kommunar, lensmenn o.a. Frænen heradsstyre drøfta namneforslaga 30/8-1915 og vedtok m.a.: «Forsaavidt herredsnavnet angaar har man intet andet navn at foreslaa, (...)» Amtmannen laga samandrag av høyringsfråsegnene frå kommunane, og han skriv:

«32. *Frænen*. Heradstyret veit ikkje anna namn aa nemna (32a).

Tilraading: Ingi brigding.» (Brev frå Amtmanden i Romsdals Amt 15/1-1916.)

4. Falk og Torp laga i 1916 ei tilleggsutgreiing der resultatata frå høyringsrunden kjem med. Heller ikkje denne gongen kjem dei med noko forslag om forandring av namnet Frænen — sjølvsagt.

Lgj

5. Ved kgl. resolusjon av 3. november 1917 blir ei lang rad kommunenamn forandra. Resolusjonen byggjer på forslaga i dei to utgreiingane frå Falk og Hægstad, med svært få unntak. For vårt fylke er det tale om 30 namneforandringar. I 4 tilfelle har departementet på eige initiativ forandra frå bestemt til ubestemt form (som 'Norddalen' til 'Norddal' o.s.v.), og dessutan har dei sett inn forandringa av 'Frænen' til 'Fræna'.

Departementet innførte altså ei forandring i strid med både utgreiingane frå namnekonsulentane og fråsegnene frå høyringsrunden. Eg har leitt i departement'sarkivet, men det har vore uråd å finne førearbeid til sjølve resolusjonsteksten. Difor blir det ei gåte kvifor departementet kom med dette påfunnet. Det kan tenkjast at saka blei førebudd av ein departement'smann som arbeidde svært grundig med å få markert hokjønnsendinga i alle hokjønnsnamna som hadde hatt dansk felleskjønnsform før. Det prinsippet var som nemnt teke opp i innstillinga frå 1905. Hadde saksførebuaren denne innstillinga framom seg, ville han au sjå nettopp dei 'Frænen' til 'Fræna' nemnt som eksempel der. Men henta han idéen derifrå, må han truleg ha rekna det for ein utegløymelse når Falk og Hægstad i to utgreiingar ikkje tok med 'Frænen'. Og har han ikkje idéen frå innstillinga av 1905, må han ha hatt ei fagleg grunngjeving for påfunnet, f.eks. i mistydde dialektopplysningar.

Eg har gått igjennom dei etterlatne papira etter Marius Hægstad, og kan heller ikkje der finne meir om denne saka. Det har vore uråd å sjå om han f.eks. har reagert på utforminga av den kongelege resolusjonen.

Ikkje alle bitar er på plass i denne historia. Men det er klart at departementet har handla suverent. Og ei byråkratisk arbeidsulykke er det i alle tilfelle, for eit nytt påfunn burde kontrollert grundig fagleg før det blei velsigna ved ein kgl. resolusjon.

6. Det sentrale vedtaket om namneforandringa var altså i strid med den lokale viljen, som var uttrykt i høyringsrunden i 1915. Difor kunne det

vere interessant å sjå kva mottaking resolusjonen fekk lokalt. Eg har sett igjennom *Romsdals Budstikke* for hausten 1917 og våren 1918 for å finne eventuelle reaksjoner, f.eks. sinte lesarbrev eller protestar. Men ikkje den minste notis har det vore råd å oppdage om denne namneforandringa, og heller ikkje om forandringane til 'Bolsøy', 'Sandøy', 'Aukra', 'Voll', 'Eresfjord og Vistdal' eller 'Veøy'. Avisa er mest oppteken av krigsnyheiter frå vestfronten og av rasjoneringslov og misnøye med provianteringsråda.

Avisa hadde fast spalte med referat frå kommunestyremøta. Heller ikkje i referata frå møte i Frænen/Fræna Herredsstyre er namnespørsmålet nemnt. Første gong den nye forma er brukt, er i ei vanleg avismelding 20/12-1917 med tittelen «Fra Fræna». I avisa for 15/1-1918 blir derimot begge formene brukt, og i referatet same dag frå heradsstyremøte 27/12-17 møter me au begge formene: Ytre Fræna, Indere Fræna, Indre Frænen, Fræna Provanteringsråd og «Fræna inndeles i 29 kredse...». I neste referat (19/1-1918) er derimot den nye forma 'Fræna' brukt konsekvent. UT

I referata frå møte i hine heradsstyra gjeld det same: ingen direkte merknad til namneendringane, og litt inkonsekvent bruk heilt i førstninga. Men når det gjeld dei hine namneforandringane i Romsdal, var kommunane førebudd i høyringsrunden. Dei hadde sjølv au gått inn for forandringane, som berre var ein del av den allmenne oppnorskingslinja; og den hadde truleg brei oppslutning i dette sterke Venstre-distriktet. At det ikkje kom eit pip frå Frænen, kan ein berre undre seg over. Enten har engasjementet mangla fullstendig i slike språkspørsmål, eller så har folket vore heilt ut underdanige for kva autoritetane kunne finne på. I ei fråsegn frå Fræna kommunestyre 8/8-1963 heiter det at «Folket i Fræna har heile tida lojalt bøygd seg for departementsavgjerda ut frå den tanke at namneforma var historisk korrekt».

-----

Den nye forma 'Fræna' blei etter kvart så akseptert som korrekt at fræningen Hans Haukås, som me refererte ovafor, la vekt på å forklare at namnet var eit hokjønnsnamn. Den første eg har funne, som har sett på trykk ein kritikk av namneforma, er Egil Høstmark i *Romsdal Sogelag. Årbok* for 1962 (og 1968). Han peikar på at kjønnet er gale, og dessuten vil han at stammevokalen skal vere *e*, han ønskjer altså skrivemåten 'Frenen'. For å finne den historiske forklaringa på namnet har han lagt ned eit stort arbeid i å skrive til ymse fagfolk.

I den intense avisdiskusjonen i 1962-63 om kva namnet skulle vere på den nye storkommunen, blei ikkje skrivemåten av Fræn-namnet dregen

fram, endå så opplagt det skulle vere at det var skrive med gale kjønn. Derimot blei den galne skriveforma kommentert av namnekonsulentane: dei rådde til eit anna kommunenamn (Bud) på kommunen, men at kyrkjesokna i Frænen ved neste høve fekk forandra namna til Ytre og Indre Frenen. (Stammevokalen *e* ville dei ha fordi dei leit på den gammalnorske forma Rygh hadde sett opp.) Nokon språkleg diskusjon blei det ikkje no heller, men derimot blei konsulentfråsegna av dei gruppene ho gjekk imot (Hustad og Fræna kommunar), nærast skulda for fusk og for å vere «full av forvrengningar og ukorrekteiter» (ordførar Stavik, Fræna kommune), og «at dei (...) ikkje har handsama saka så samvetsfullt som ein skulle ha lov til å venta» (ordførar Lindseth, Hustad kommune). (*Romsdals Budstikke* 13/8-1963.) Desse krasse reaksjonane skuldast truleg dei historiske argumenta i konsulentfråsegna. Sjølve namneforma blei kommentert i ei fråsegn frå Fræna kommunestyre 8/8-63 med at kommunestyret ville godta den skrivemåten departementet bestemte.

ng

### 8. Situasjonen i dag

Den vanlege uttalen av kommunenamnet er nok i dag /'frenæ/, med den opne æ-lyden me brukar i slutten av ord i staden for skriftmåls-a-en. Med tostavings-tonelag passar ikkje denne nye namneforma inn som hokjønnsord i dialekten i det heile teke. Det er eit ubøyeleg substantiv med ubestemmeleg kjønn. Dette må vere ein «skjebnens ironi» når ein tenkjer på at det var det norske hokjønnet som skulle få komme til sin rett ved den kgl. resolusjonen i 1917! Språkleg sett er kommunenamnet blitt eit misfoster, laga ved ei mistyding og i si tid truleg innført ved ein byråkratisk tabbe.

### 9. Litteratur

- Björkman, Erik 1910. Nordische Personennamen in England in Alford Frühmittel-Englischer Zeit. Ein Beitrag zur Englischen Namenskunde. (Studien zur Englischen Philologie 37.) Halle.
- Böðvarsson, Árni 1963. Íslensk orðabók handa skólum og almenningi. Reykjavík.
- Dalen, Arnold og Jan Ragnar Hagland (red.) 1985. «I det mest upolerede Bondesprog». Tekster på trøndermål 1706-1856. (Skrifter frå Norsk Målførcarkiv XXXVII.) Oslo-Bergen-Stavanger-Tromsø.
- DN = Diplomatarium Norvegicum. Christiania/Oslo 1847-.
- Falk, Hjalmar og Marius Hægstad 1915. Utredning om landets inndelingsnavne. Kristiania.

nt- u  
u

- Falk, Hjalmar og Marius Hægstad 1916. Utredning om landets inndelingsnavne II. Kristiania.
- Haukås, H(ans) (1957). Gamalt frå Fræna I. (Frenselektter). Molde.
- Heggstad, Leiv 1950. Fornorskingsordbok. Bokmål — nynorsk. Obligatoriske former. (3. utg.) Oslo.
- Heggstad, Leiv, Finn Hødnebo og Erik Simensen 1975. Norrøn ordbok. Oslo.
- Hertzberg, Ebbe, A. Chr. Bang, Marius Hægstad og A. Taranger 1905. Indstilling fra den af Kirke- og undervisningsdepartementet under 6. januar 1902 nedsatte komite til revision af de geistlige og civile inddelingsnavne. Kristiania.
- Høstmark, Egil 1962. Frænanamnet. I: Romsdal Sogelag. Årsskrift 1962:52-57).
- Høstmark, Egil 1968. Navnet Frenen. I: Romsdal Sogelag. Årsskrift 1968:93-98.
- Høstmark, Victor Em. 1936. Frenin. Ein freistnad på å tyda namnet. I: Unge Romsdal 3/9-1936.
- Høyem, A(nders) 1817. Beskrivelse over Bynæssets og Agerøes Præstegjelde af A. Høyem. I: Det kongelige norske Videnskabs selskabs Skrifter i det 19de Aarhundrede. Første Bind. (S. 295-338.)
- Jacobsen, M. A. og Chr. Matras 1961. Føroysk-donsk orðabók. (2. útg.) Tórshavn.
- KLNM = Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingetid til reformasjonstid. Oslo 1956-1978.
- Liestøl, Knut og Moltke Moe (red.) 1967. Norsk folkedikting VI. Folkeviser I. (3. utg. ved Olav Bø og Svale Solheim.) Oslo.
- Lidén, Evald 1914. «Om Frænfjordens namn». I: Namn och Bygd 1914:259-262.
- NSL = Sandnes, Jørn og Ola Stemshaug (red.) 1976. Norsk stadnamnleksikon. Oslo.
- Opstad, Kristian 1979. Gamle Møre i rit og minne. Trondheim.
- Rygh, Karl 1908. Norske Gaardenavne. Romsdals Amt. Kristiania.
- Rygh, Oluf 1896. Norske Fjordnavne. I: Sproglig-historiske Studier tilegnede Professor C. R. Unger. Kristiania (S. 30-86.)
- Schnitler, Hans Peter 1974. Beskrivelse over Romsdals Fogderie 1768 og 1789 af Hans Peter Schnitler. (Utg. ved Bjørn Austigard.) Molde.
- Øverås, Asbjørn 1928. Romsdalssoga. Band 1. Fornalderen og sogetida. Molde.

LS  
J-

Jrs



# GAMMALT FRÅ FRÆNA

Utgjeve av  
Fræna Bygdeboknemnd

NOVEMBER 1986

*Gammalt frå  
Fræna  
1986*

